

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
034/23	Formannskapet	PS	23.03.2023
022/23	Kommunestyret	PS	13.04.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Atle Vaage	FA-U70	23/328

Avtale om tenesteyting - Austrheim sokn

Vedlegg

Avtale tenesteyting Austrh. sokneråd

Framlegg til vedtak:

Tenesteytingsavtale mellom Austrheim kommune og Austrheim sokneråd vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet - 034/23 - 23.03.2023

FS - behandling:

Einingsleiar teknisk drift, Atle Vaage, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om at det er vurdert gildskap for representantar som har verv i soknerådet, og at det er konkludert med at dei ikkje er ugilde.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Tenesteytingsavtale mellom Austrheim kommune og Austrheim sokneråd vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret - 022/23 - 13.04.2023

KS - behandling:

Ordfører Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Tenesteytingsavtale mellom Austrheim kommune og Austrheim sokneråd vert godkjent slik den ligg føre.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

«Lov om trus- og livssynssamfunn» § 14. 3.ledd seier;

«Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd etter andre ledd».

Det har vore tradisjon i Austrheim for at samarbeidet mellom kommunen og kyrkja har vore delt mellom reint økonomisk tilskot og andre tenester i tråd med den nemnde paragrafen.

Kommunedirektøren og kyrkjevevja har no forhandla fram utkast til ny avtale mellom partane. Avtalen må godkjennast av både soknerådet og kommunestyret før den vert gjort gjeldande.

Avtalen medfører i det alt vesentlege ei vidareføring av samarbeidet slik det har vore. Den største endringa er at kyrkja no sjølv står for lønsføring og rekneskap gjennom bruk av ekstern aktør. Dette arbeidet vart tidlegare gjort av kommunen. Kostnaden kyrkja har med bruk av ekstern aktør, er lagt inn i den årlege rammeoverføringa frå kommunen.

Samarbeidet omfattar elles;

- Samarbeid om bemanning opp mot kyrkjegardsarbeidet.
- Gratis bruk av kyrkjelydshuset og byggteknisk rådgjeving i høve vedlikehald.
- Samarbeid om tyngre utstyr.
- Snørydding ved kyrkjelydshuset og gravplassen i Leirvågen.
- Høve for kyrkja til å nytta kommunen sine innkjøpsavtalar.
- Kommunen heldt soknerådet med kontorrekvisita.

Vurdering

Avtalen er ikkje vurdert å ha vesentleg konsekvens for folkehelse, miljø eller økonomi. Kommunen

kan seiast å spara pengar ved at det delvis vert ytt tenester i staden for tilskot. Samstundes medfører avtalen tidvis noko redusert kapasitet for kommunen sitt eige vedlikehald. Omfanget er ikkje slik at kommunedirektøren finn at det bør vektleggjast.

Konklusjon

Samarbeidet mellom kyrkja og kommunen fungerer godt, og partane er no samde om eit oppdatert avtaleutkast som stettar kyrkja sine behov. Kommunedirektøren rår til at den framforhandla avtalen vert godkjent.